

Arkoconsult As  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2705 - 23/27318

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
13.04.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 24/160 Fammestad**

Tiltak: oppføring av enebolig med sekundærbolig  
Byggjestad: Gbnr: 24/160  
Tiltakshavar: Arvid Rikstad  
Ansvarleg søker: Arkoconsult As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.03.2023.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er søkt om oppføring av einebustad med sekundaerbustad, samt vesentleg terrenngrep. Terrenngrepet er ikkje i tråd med reguleringsføresegn 1.2.1, og er også i strid med pbl 29-4 andre ledd, med omsyn til høgd og avstand til omliggande eigedomsgrenser. Slik søknaden no ligg føre, med terrenget på store deler av tomta heva med om lag 4 meter, krev tiltaket dispensasjon. Det gjerast merksam på at søknad om dispensasjon skal nabovarslas.

Administrasjonen har forståing for at det kan vere naudsynt å gjere endringar i terrenget på staden, sjølv om bygnader skal tilpassast tomta, og ikkje omvendt. Me rår likevel tiltakshavar til å justere høgda, og tilpassa terrenget til naboeigedommane.

2. Det må gjerast greie for om det er tilstrekkeleg snuareal for bil på eigendommen, i tilknyting til parkering.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.06.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### **Mottakarar:**

Arkoconsult As  
Arvid Rikstad

Postboks 103  
Tyriveien 4c

5291  
5104

VALESTRANDSFOSSEN  
EIDSVÅG I ÅSANE